



Vinteren 2007 hadde fin skeiseis

**Barnas Turdag annonserte skeisedag på Fjellandsbøvatnet denne vinteren - ein laurdag eller søndag. Men arrangementet vart det ikkje noko av - av den gode grunn at minusgradene og dermed isen ikkje kom! Det er sjelden isen uteblir, men han plar komma, seier lokalkjende som i staden inviterer til ein skitur. For snø manglar ikkje øverst i dalen denne vinteren. - Dersom isen er fin, kan det vere duka for århundrets skeiseløp, skreiv turlaget i årets brosjyre, Truleg freistar dei att neste vinter?**

Men ellers går forhåpentleg turprogrammet for 2015 slik det er annonsert og med våre trakter som ein del av det fristande tilbodet. Den tradisjonelle turen på Nåso skal til dømes avviklast 12. april. Ole Horn er leiar for den spektakulære turen dette året. Den samme helga er det forresten skitur på Hardangervidda.

Uskedelingane er sterkt engasjert i turopplegget i år som tidlegare. Såleis er Kjell Yri og Mona Enes ansvarlege for fjellfesten på Fonnabu også i år, 4. og 5. juli. Kjell er også ein av turleiarane over fjellet frå Gjetingsdalen og overf til Torsnes i Jondal 9. august. Mona er ein av turleiarane på Hardangervidda frå 14. til 16. august.

Også seniorgruppa har eit tett og godt program og her er uskedelingen Steinar Kroka ein av leiarane på turar på Snilstveitøy, frå Utåker til Krokavatnet, til Bjørndalssetra, til Ingahogg og frå Eikedalen til Uskedalen. Ole Vidar Monsen får det også travelt som leiar i fjellsportgruppa, over Fonna, i combocampen som er eit samarbeidsopplegg med Festidalen, i ein vårsafari i fonnalandskapet og ein dagstur til Gygrastolen.

Siv Framnes er også på lista over leiarar. Ho står ansvarleg for ein kajakk- og kanokveld i Dimmelsvik. Og apropos kajakk som tydelegvis vert stadig meir populær som transportmiddel: Anbjørn Høivik er ein av dei som

står for eit introduksjonskurs på Sunde.  
Siv Framnes skal leia ein padletur Halsnøy rundt 6. og 7. juni.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen